

Til byggesaksavdelinga
v/ einingsleiar Siril Therese Sylta
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

07.05.2019.

FØRSPURNAD OM SAMTALE/ RÅD VEDKOMMANDE YNSKJE OM Å BYGGJE TAKOVERBYGG TIL VEDPRODUKSJON VED KNARIVK INDUSTRI OG MILJØ AS. G.NR 188, b.NR 668

Knarvik industri og miljø as er ei vekstbedrift eigmeld av Lindås kommune. Me gjev arbeidstilbod til 30 arbeidstakarar innan tiltaket Varig Tilrettelagt Arbeid – VTA plassar.

Me har i dag ein variert og omfattande produksjon her på KIM. Me har m.a. vedproduksjon som sysselset 6 – 7 personar året rundt. Dei siste åra har me dverre ikkje klart å levere nok tørr ved til alle som ynskjer å kjøpe ved hjå oss. Dette som følgje av at me har for liten tørkekapasitet. Me har ved, men sidan den har måttat tørke ute, har den ikkje blitt tørr nok til at me ha kunna selje den.

KIM AS har ansvar for å finne meiningsfulle oppgåver til arbeidstakarane. Dette viser seg meir å meir å verte ei utfordring. Det er ikkje alle typar arbeidsoppgåver me kan ta på oss, og etterspurnaden etter andre produkt som me tidlegare har hatt suksess med, har vist seg vanskeleg å oppretthalde. Slik sett er vedproduksjon ei arbeidsoppgåve med stigande etterspurnad, samtidig som det er eit meiningsfullt arbeid til våre tilsette.

For å kunne møte auka etterspurnad – og eigen målsetjing om å verte størst på lokal vedproduksjon i regionen! – treng me å få betre tørkefasilitetar. Me har rett og slett behov for å byggje eit enkelt takoverbygg som sikrar god vedtørk.

Me ser for oss ein enkel konstruksjon med rammeverk og takstolar i tre med og med takplater i plast. Det skal ikkje vere veggar på bygget. Konstruksjonen er tenkt ført opp som ei utviding av eksisterande takoverbygg. Konstruksjonen vil vere om lag 8 meter brei og ca 20 meter lang. Dette er omrentlege mål. Månehøgde er ca 5 meter. Underlaget er asfalt, og det må støypast fundament.

Me er kjent med at det i Knarvik er utarbeida ein omfattande områdeplan for Knarvik senter, og at denne set rammer for kva som kan byggjast kvar o.s.v. KIM ligg innafor dette området, og planen set då rammer for vårt handlingsrom innafor eigen tomtegrense.

Me ynskjer å komme i dialog med kommunen - som er vår eigar - før me evt startar ein søkjeprosess. Kva er mogleg å få til lokalt på eigen tomt som kan bidra til utvikling av verksemda og samfunnsoppdraget me har på KIM AS?

Ber difor om at me får komme på eit møte med deg som einingsleiar for byggjesaker i Lindås kommune. Best av alt hadde det vore om du kunne ta deg tid til å komme ned til oss! Då vil du ved sjølvsyn fått sett kva utfordringar me har. Kanskje me kan finne ei løysing saman i møte!

Vedlagt er litt bilde og enkel skisse over kva som er tenkt. Treng ikkje sjå slik ut, då det viktigaste er at me får til tørr ved. Alternativ til takoverbygg er ei mengde palleløysingar med bøljeblikk, noko me opplever som lite tenleg både estetisk og praktisk. Med eit enkelt takoverbygg vert og arbeidstakarane betre skjerma for vær og vind når dei arbeider.

Mvh

Morgan Taule
Dagleg leiar

